



Kinn kommune

Barnehagen sitt samarbeid
med foreldre som
ikkje bur saman

- **Informasjon og rettleiing til barnehagen**
- **Retningsliner**

Kilde:

Barneloven www.bld.dep.no

Barneombudet www.kd.dep.no

INNLEIING

Foreldra har ansvar for barn si oppdraging. Dette prinsippet er nedfelt i barnekonvensjonen og i barnelova.

I samsvar med barnehagelova m/forskrifter, skal barnehagen gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings og aktivitetstilgjenge i nær forståing og samarbeid med barna sin heim. Barnehagen skal representere eit kompetterande miljø i forhold til heimen, og må vise respekt for ulike familieformer.

I nokre høve har det vore vanskeleg for tilsette i barnehagane å vite korleis ein skal komme i møte dei foreldra som ikkje bur saman.

I samarbeid med kommuneadvokaten, har vi funne fram til eit enkelt rettleiingshefte som Stavanger kommune har utarbeidd om dette tema. Dette har vi omarbeidd og tilpassa til barnehagane i Kinn kommune, for å sikre at barnehagane har nok kunnskap om innhaldet i omgrepa **foreldreansvar, fast bustad og samværsavtale**. Slik kunnskap er naudsynt for at barnehagane skal oppfylle krav om informasjons-, rettleiings- og teieplikt i høve foreldre som ikkje bur saman.

Det er og viktig at samarbeidet mellom barnehagen og foreldra skal vere best mogleg avklara. Ved å fylle ut skjema **"Foreldre som ikkje bur saman"**, vil barnehagen få ei oversikt over avtaler som foreldre som ikkje bur saman har i høve barnet.

Dette skjema må fyllast ut av foreldra til barn i barnehagen som ikkje bur saman.

Skjema skal oppbevarast i barnehagen på barnet si mappe. Opplysningane er konfidensielle, og dei som har kjennskap til opplysningane har teieplikt.

1. FORELDREANSVAR

Kva er foreldreansvar?

Foreldreansvar er den rett og plikt foreldra har til å bestemme for barnet i personlege forhold. Personlege forhold vil seie saker som t.d.:

- Oppseding av barnet
- Kvar barnet skal bu
- Spørsmål om namn
- Innmelding og utmelding av trussamfunn – og foreiningar
- Pass
- Medisinske inngrep
- Val av type barnehage (dersom det er særskilte livssynsbarnehagar)

Felles foreldreansvar

Foreldre som er gift når barnet vert fødd har automatisk felles foreldreansvar. Når foreldra flytter frå kvarandre, vil begge framleis ha foreldreansvar dersom det ikkje er avtalt at mor eller far skal ha foreldreansvar åleine. Ei slik avtale må vere sendt til folkeregisteret for å vere gyldig. Dersom foreldre ikkje vert samde om dette, kan dei be domstolen om å avgjere spørsmålet.

Frå 01.01.06 fekk også sambuande foreldre automatisk felles foreldreansvar. Lovendringane gjeld for barn som er fødde etter 1. januar 2006.

Foreldre som ikkje bur saman når barnet vert fødd, kan avtale at dei skal ha felles foreldreansvar. Melding om dette må sendast til folkeregisteret. Dette gjeld også for foreldre som pga tidlegare regelverk ikkje har felles foreldreansvar. Meir informasjon om dette kan ein finne på www.bld.dep.no

Konsekvensar for barnehage når foreldra har felles foreldreansvar

- Begge foreldra har rett til å delta på foreldremøte
- Begge foreldra kan veljast inn i samarbeidsutval o.l.
- Begge foreldra skal inviterast til arrangement og tilstellingar
- Begge foreldra har rett til same opplysningar frå barnehagen
- Begge foreldra har rett til opplysningar om barnet og barnet sitt tilhøve til/i barnehagen, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnet sin heimesituasjon
- Begge foreldra må samtykke ved tilmelding til PPT o.l.

Foreldreansvar åleine

I nokre høve har den eine forelderen alt foreldreansvar åleine. Det kan t.d. vere at foreldra ikkje var gift eller sambuande då barnet vart fødd, og foreldra av den grunn ikkje inngjekk avtale om felles foreldreansvar.

Den eine parten kan også ha foreldreansvar åleine etter skilsmisse, dersom foreldra har inngått avtale om dette.

I enkelte høve kan det også ligge føre ei rettsleg avgjerd på at bare den eine forelderen skal ha foreldreansvar.

Konsekvensar for barnehagen når bare den eine forelderen har foreldreansvar

- Den som har foreldreansvar skal gje den andre parten opplysningar om barnet når parten ber om det
- Den som ikkje har foreldreansvar har rett til opplysningar om barnet og barnet sitt forhold til barnehagen, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnet sin heimesituasjon. Dette gjeld også om vedkommande ikkje har samværsrett
- Barnehagen kan nekte å gje opplysningar som *kan vere til skade for barnet*. Uttrykket dekkjer ikkje bare dei situasjonane der opplysningar kan tenkjast å verte brukt direkte mot barnet. Det dekkjer også situasjonar der opplysningane kan tenkjast å verte brukt mot den som har foreldreansvar, der dette i neste omgang kan virke til skade for barnet sin situasjon. Ei nekting frå barnehagen bør grunngjevast skriftleg, då ei slik nekting kan klagast til fylkesmannen.
- Den som ikkje har foreldreansvar kan delta på foreldremøte dersom den andre forelderen gjev samtykke til det.
- I særskilte høve kan fylkesmannen bestemme at den som ikkje har foreldreansvar skal miste retten til opplysningar om barnet. Dette kan skje dersom opplysningsretten er misbrukt, eller dersom foreldra har store konflikhtar.

Ny sambuar / ektefelle

Ny sambuar/ektefelle til den som har del i foreldreansvaret har ikkje krav på å delta i *felles* foreldresamtalar/møter, når den andre som har del i foreldreansvaret ikkje godtek dette. Dette betyr at dersom to foreldre med felles foreldreansvar begge ønskjer å møte på det same foreldremøtet, må det leggjast til grunn at kvar av dei kan motsette seg at det også møter ein tredjeperson.

Ny sambuar/ektefelle eller andre kan delta i foreldresamtale/møte dersom det bare er den eine forelderen som skal ha samtale, og vedkommande gjev samtykke til at ny sambuar/ektefelle kan delta på møtet.

Fosterforeldre

Dersom barnevernet har plassert barnet hos fosterforeldre, er det fosterforeldra som utøver den daglege omsorga for barnet i foreldra sin stad. Dette vil seie at barnehagen må ha ein melde- og opplysningsplikt til fosterforeldra. Dette gjeld bare opplysningar om barnet.

Dei biologiske foreldra som har ”restforeldreansvar”, vi ha rett til opplysningar frå barnehagen når dei bed om dette. Her gjeld same avgrensingar som tidlegare nemnt, med omsyn til at opplysningane kan vere ”*til skade for barnet*”.

Foreldre som er fråtekne foreldreansvar i medhald av bvtj.1 §4-20 kan ikkje krevje opplysningar.

2. DEN BARNET BUR FAST HOS

Rettigheitar til den barnet bur fast hos

Den forelderen som barnet bur fast hos har alltid foreldreansvar, og har:

- Avgjerdsrett i spørsmål som gjeld den direkte daglege omsorga for barnet, som kle, mat, sengetid, innetid osv
- Avgjer om barnet skal gå i barnehagen
- Kan flytte med barnet til ein annan stad i landet

Konsekvensar for barnehagen

- Barnehagen vender seg til den som barnet bur fast hos, om avgjerder i kvardagen (som niste, utstyr, turar)
- Det er den som barnet bur fast hos som kan bestemme kven som skal hente og bringe barnet i barnehagen
- Dersom hentetida er innanfor samværstida, kan den som har samværsrett hente. Den som har samværsrett kan bestemme at ny sambuar, bestemor etc. kan hente når dette er innanfor samværstida.
- Dersom det ligg føre ein dom eller vedtak frå fylkesmannen som seier at den som har samværsrett skal hente barnet i barnehagen til faste tider, må barnehagen likevel kunne utlevere barnet sjølv om den barnet bur fast hos gjev ei anna beskjed. Det er ein føresetnad at dommen eller vedtaket vert dokumentert overfor barnehagen.
- Barnehagen kan ikkje bli pålagt å oppfylle ei samværsavtale når avtalen om samvær ikkje er innanfor hentetida i barnehagen. Det er foreldra som er forplikta til å oppfylle avtalen. Den som har samværsrett kan ikkje utøve samvær i barnehagen dersom dette ikkje er avtalt med barnehagen og den andre forelderen.

Delt fast bustad

Dette vil seie at barnet bur like mykje hos begge foreldra

Konsekvensar for barnehagen

- Ved delt fast bustad må barnehagen forholde seg til begge foreldra når det gjeld henting/bringing, praktiske avtaler i høve kle, utstyr, turar, samtaler o.l.

3. SAMVÆRSRETT

Kva er samværsrett?

Barnelova gjev barn rett til samvær med begge foreldra, også når foreldra ikkje bur saman. Foreldra kan fritt avtale kva slag samværsordning dei ønskjer å ha. Utgangspunktet er at samværet skal skje ut frå det som vil vere best for barnet. Begge foreldra har ansvar for at samværsretten vert oppfylt.

Konsekvensar for barnehage

- Det er foreldra som har ansvar for at samværsretten blir oppfylt – inkludert organisering av samværsretten.
- Samværsretten kan ha konsekvensar for barnehagen dersom det er avtalt at den som har samvær skal hente barnet i barnehagen. I slike høve bør barnehagen ha skriftleg dokumentasjon frå foreldra (sjå eige skjema)

4. NÅR ADVOKAT TEK KONTAKT

Erfaringar viser at advokatar kan vende seg til barnehagen for å få opplysningar i samband med barnefordelingssaker, via telefon. Det er viktig at barnehagen gjev melding om at opplysningar om barnet ikkje vert gjeve pr telefon. Det skal alltid ligge føre skriftleg førespurnad, og svar attende skal også gjevast skriftleg.

Dersom tilsette i barnehagen blir stemna som vitne i ei barnefordelingssak, er dei ikkje pliktige til å gje vurderingar – men fakta.